



SAKSHANDSAMAR  
Tor Kristian Torsvik

VÅR REF.  
14/00087-4

ARK. F - Fartøy  
Quest

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
05.09.2014

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Ståle Eikeland  
Solbrekken 9  
5122 MORVIK

KOPI

Hordaland fylkeskommune

24 SEPT 2014

## M/B QUEST - JXVR - TILSEGN OM TILSKOT FRÅ STATSBUJSJETTET 2014 KAPITTEL 1429 POST 74

Riksantikvaren syner til brev av 07.01.2014 om tilskot til ovannemnte farty.

I statsbudsjettet for 2014 vart det over Riksantikvaren sitt budsjett kapittel 1429 post 74 sett av kr. 51 712 000,- til fartyvern, der kr. 1 700 000,- var øyremarka organisasjonsstøtte til Norsk Foreining for Fartøyvern.

Etter at refusjonsordninga for miljøavgifter for verna farty vart overført frå Toll- og avgiftsdirektoratet til Riksantikvaren med verknad frå 2014 vart det etter særskild søknad fordelt ytterlegere kr. 5 000 000,- frå post 74 i 2014.

I revidert statsbudsjettet for 2014 har Stortinget gjort ei ytterlegere auke av kapittel 1429 post 74 fartyvern med kr. 5 000 000,-. Dette kjem i tillegg til det som tidlegare er fordelt i 2014.

Dei nye 5 mill. over revidert nasjonalbudsjett gjer det mogleg å vidareføre fordelinga med utgangspunkt i dei behova som tidlegare er innmeldt. Tilskotet over revidert nasjonalbudsjett er difor fordelt til ei rekkje mindre prosjekt som nærmar seg ferdigstilling, samstundes som også nokre større fartøy som det ikkje var mogleg å prioritere i januar vert tilgodesett. Dette gjer det mogleg å ferdigstille fleire farty i 2014, og dermed bidra til å nå måla på bevaringsprogrammet for fartyvern. I fordelinga har Riksantikvaren i tillegg lagt vekt på prosjekt med publikumsretta verksemd og frivillig innsats.

**Vi syner til vedlagde utfyllande informasjon.**

### VEDTAK

*Riksantikvaren gjev med dette ei tilsegn om tilskot for 2014 på inntil*

*kr. 120 000.- frå kapittel 1429 post 74.*

*Tilskotet skal dekkje kostander knytt til ferdigstilling av restaurering av dekk.*

### Nærare om bruken av midlane

Arbeida skal utførast i samsvar med fartyet sin eigenart. Eit hovudprinsipp ved antikvarisk arbeid er å bevare mest mogleg av det originale materialet. Delar som må skiftast skal erstattast av tilsvarande, og arbeida skal utførast etter same handverksmetodar som tidlegare vart nytta på same stad. Dersom det oppstår tvil om det planlagde tiltaket vil vere i tråd med vanlege antikvariske retningsliner skal Riksantikvaren kontaktast.

Riksantikvaren har høve til å inspisere fartyet for å undersøkje om vedlikehalds- og istandsetjingsarbeida vert utført i samsvar med føresetnadene for tilskotet. Riksantikvaren sin inspeksjons- og undersøkingsrett fell bort når arbeida er godkjente og tilskotet utbetalt.

### Omdisponering og momsrefusjon

Omdisponering av tilskotet skal berre skje etter søknad og dialog med Riksantikvaren.

Dersom ein får momsrefusjon på tilsegnsmidlane skal Riksantikvaren informerast, og midlane skal nyttast etter skriftlig avtale med Riksantikvaren.

### Rapportering

Rapport om arbeid som er utført innan 31. desember 2014 skal sendes til Riksantikvaren innan 15. januar 2015.

Sluttrapport skal innehalde rekneskap og foto teke før, under og etter tiltaka.

Nye søknader frå prosjekt der det ikkje ligg føre gyldig rapport frå tidlegare utførte arbeid finansiert av Riksantikvaren vil ikkje bli handsama før slik rapport er motteken.

### Løyvingsreglementet

Vi syner til Løyvingsreglementet § 10 og gjer merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskot vert nytta etter føresetnadene. Riksrevisjonen har tilsvarande høve til å føra kontroll med heimel i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

### Retningslinjer og vilkår for tilskot

Vedlagt følgjer **Retningslinjer og vilkår for tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 74**. Mottakar må setje seg godt inn i retningslinjene og vilkåra for tilskot. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at vilkåra i dette brevet og i vedlegget vert godtekne og oppfylte.

### Aksept av vilkår for tilskot

Vedlagt følgjer **skjema for aksept av vilkåra**. Det er ein føresetnad for utbetaling at utfylt akseptskjema vert sendt til Riksantikvaren innan 4 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke, elles vil tilsegna falle bort.

**Høve til å klaga**

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendes til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing

  
Hanna Kosonen Geiran  
avdelingsdirektør

  
Mari Søbstad Amundsen  
konst. seksjonssjef

**Vedlegg:**

1. Retningsliner og vilkår
2. Akseptskjema
3. Informasjonsskriv

**Vedlegg:**

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd., Postboks 7900, 5020  
BERGEN

**Kontering**

Konto:

8719

Koststad:

492

VP (res.mål.):

140600

Prosjekt (fyll ut etter behov):

Innsatsnummer (fyll ut etter behov):

Tilsegningsnummer:

140740738

Delutbetaling

Avslutta

Beløp:

Bankkontonummer til mottakar (berre ved utbetaling):

Felt for merknad (eventuelt):

Tilsegn - M/B QUEST - JXVR -